



Sunnfjord
kommune



Planprogram Kommuneplanen sin arealdel 2023 - 2034

Framlegg 10.02.2022

Innhold

Planprogram.....	1
Kommuneplanen sin arealdel 2023 - 2034.....	1
1 Innleiing.....	3
1.1 Kort om arealdelen.....	3
1.2 Kommuneplansystemet	4
2 Framdrift.....	5
3 Medverknad	6
3.1 Arealinnspel - sortering og vurdering	6
3.2 Metodar for medverknad	6
4 Mål og føringar for arbeidet.....	7
4.1 Nasjonale forventningar til kommuneplanarbeidet.....	7
4.1.1 Statlige planretningslinjer (SPR).....	7
4.2 Gjeldande kommunale planar og strategiar som er sentrale for arealdelen	8
4.2.1 Plan for klimaomstilling i Sunnfjord kommune	8
4.2.2 Overordna ROS-analyse	8
4.2.3 Kommuneplanen sin samfunnsdel med arealstrategi.....	8
5 Sentrale tema i arealdelen	9
5.1 Effektiv arealdisponering.....	9
5.2 Utbyggingsmønster og senterstruktur	10
5.3 Ta heile kommunen i bruk.....	11
5.4 Bruk av masseoverskot frå store vegprosjekt	12
6 Utreiingsbehov i arealdelen.....	12
6.1 Evaluering av gjeldande planar.....	12
6.1.1 Utbyggingsføre mål i dei tidlegare kommuneplanane.....	12
6.1.2 Kommunedelplanar i Sunnfjord	12
6.1.3 Eldre reguleringsplanar.....	13
6.1.4 Normer som er knytt opp som vedlegg til arealdelen	13
6.2 Parallelle planprosessar.....	13
6.3 Vekstsoner	13
6.4 Ta heile kommunen i bruk.....	14
6.5 Masseoverskot frå store vegprosjekt - utgreiingsbehov.....	15
6.6 Klima- og arealnøytralitet – utgreiingsbehov.....	15
7 Konsekvensutgreiing – Sårbaranalyse - Utgreiingar.....	15
7.1 Konsekvensutgreiing (KU) – metode	15
7.2 Risiko- og sårbaranalyse (ROS)	17

1 Innleiing

Kommunane Førde, Gaular, Naustdal og Jølster vart Sunnfjord kommune frå 01.01.2020. Det skal no utarbeidast ein kommuneplan som skal gjelde for heile arealet i den nye kommunen. Fram til ny arealdel er på plass, blir det 4 ulike sett av plankart og føresegnar frå samanslåingskommunane som dannar grunnlag for forvaltninga.

Dette planprogrammet omtalar korleis vi skal jobbe for å utarbeide kommuneplanen sin arealdel 2023-2034 for Sunnfjord kommune. Planprogrammet skal gjere greie for føremålet med planarbeidet og kva for hovudspørsmål/satsingsområde planarbeidet skal ta opp, planprosess og medverknad, aktuelle strategiske val/alternativ og utgreiingsbehov. Planprogrammet skal synleggjere politiske prioriteringar (verneomsyn, vekstambisjonar og oppfølging av samfunnsdelen).

Sunnfjord kommune har eit mål om vedtak av arealdelen innanfor gjeldande kommunestyreperiode. I og med at føringane til arealdelen i stor grad er nedfelt i samfunnsdelen sin arealstrategi, vil ev endringar av samfunnsdelen kunne påverke både framdrift og innhald. Vi har likevel valt å melde oppstart og legge fram planprogrammet. Høyringsperioden vil kunne føre til at planprogrammet vert endra.

1.1 Kort om arealdelen

Kommuneplanen sin arealdel avgjer korleis vi vil bruke og utvikle dei ulike områda i kommunen: Kor vil vi bygge nye bustader? Kor skal det vere kultur- og tenestetilbod, handels- og næringsverksemd? Kor skal det vere grøntområde? Korleis skal vi best mogeleg ta vare på natur og landbruksområde i kommunen? Og korleis skal vi transportere oss mest mogeleg effektivt og miljøvenleg? Korleis kan arealbruken i kommunen bidra til å nå FN sine berekraftsmål?

Kommuneplanen sin arealdel skal vere eit tydeleg styringsdokument for arealpolitikken i Sunnfjord.

Kommuneplanen sin arealdel (pbl § 11-5) skal vise samanhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk. Sunnfjord kommune har i sin samfunnsdel for 2021-2030 utarbeidd ein arealstrategi som har peika ut ei retning for Sunnfjord kommune sin langsiktige arealbruk. Arealstrategien vert såleis eit viktig bindeledd mellom kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel.

Arealdelen er bindande for reguleringsplanlegging og byggesaksbehandling. Detaljeringsnivå i plankart og føresegnar vert avklara i planprosessen. Arealdelen skal også gje tydelege føringar for andre arealrelevante strategiar, planar og normer.



I dei nasjonale forventningane til regional og kommunalplanlegging for 2019 – 2023 legg regjeringa vekt på at kommunane skal planlegge for ei berekraftig samfunnsutvikling, sikre sosial rettferd og god folkehelse. Det er dei tre dimensjonane i arbeidet med berekraft: økonomi, miljø og sosiale forhold.


1.2 Kommuneplansystemet

Det kommunale planarbeidet med krav om prosess og medverknad er nedfelt i kommunelova generelt og meir detaljert i «Lov om planlegging og byggesaksbehandling» (plan- og bygningslova –pbl). Dei viktigaste delane i eit kommunalt plansystem er:

- Planstrategien – som drøftar kva planoppgåver som bør vidareførast eller starte opp for å legge til rette for ønska utvikling i kommunen dei komande 4 åra.
- Kommuneplanen – som består av ein samfunnsdel og ein arealdel i eit 12-års perspektiv.
- Kommunedelplanar som tar føre seg eitt eller fleire område og tema.
- Reguleringsplanar som består av konkret utforma endringsforslag og detaljar for avgrensa areal.
- Handlings- og økonomiplan med talfesta rammer og konkrete tiltak i eit 4 års perspektiv.

2 Framdrift

Milepelar



Planprogram	Start	Slutt
Avspark i prosjektgruppa	31.aug. 2021	
Planprogram, utarbeiding	Oktober 2021	Januar 2022
Leiargruppa – drøfting av forslag til planprogram	10.januar 2022	
Planprogram, vedtak om høyring og offentlig ettersyn, varsel om oppstart.	3.februar 2022	
Planprogram offentlig ettersyn	Februar 2022	Mars 2022
Planforum	Februar 2022	
Eit folkemøte for å skape blæst om arealdelen	9.mars 2022	
Handsaming av innspel til planprogram	Mars 2022	April 2022
Planprogram, fastsetjing	ultimo april 2022	
Arealdel, planfase	Oktober 2021	Mai 2023
Arealdel, administrativ handsaming av arealinnspel	Januar 2022	Mai 2022
Handsaming av forslag til sil og vekstsoner i formannskapet	24.mars 2022	
Siling av arealinnspel - Administrativ verkstad	April/mai 2022	
Siling av arealinnspel - Politisk verkstad	Juni 2022	
Ferdig planforslag	Nov 2022	
Arealdel, vedtak om høyring og offentlig ettersyn	8.des 2022	
Offentleg ettersyn	Januar 2023	Mars 2023
Orientering i råda	Desember 22	
Folkemøte	Januar 23	
Planforum	Januar 23	
Administrativ handsaming og ev revisjon	April 2023	Mai 2023
Arealdel, vedtak	August 2023	

3 Medverknad

3.1 Arealinnspel - sortering og vurdering

Når planprogrammet er på høyring vert det samstundes varsla oppstart og høve for innbyggerane å kome med arealinnspele.

Innkomne arealinnspele vil bli vurdert opp mot den overordna arealstrategien. Innspele som ikkje er i tråd med den overordna arealstrategien, vert silt vekk tidleg i planarbeidet (grovsiling¹). Framlegg til silingsrapport skal leggjast fram for politisk handsaming etter fastsetjing av planprogram. Rapporten skal utarbeidast av ei breitt samansett administrativ faggruppe, og tydeleg gjere greie for om innspele vert tilrådd handsama vidare eller avvist i det vidare arbeidet.

Arealinnspel som går igjennom den fyrste silingsprosessen, vil bli konsekvensutgreidd jf. forskrift om konsekvensutgreiing § 6.

Der arealdelen foreslår endra arealbruk for ein eigedom, vil grunneigar bli varsla særskilt ved offentleg ettersyn.

3.2 Metodar for medverknad

Dei viktigaste fasane for medverknad er:

- Ved høyring og offentleg ettersyn av planprogram
- Ved høyring og offentleg ettersyn av planforslaget til kommuneplanen sin arealdel

Metodar vi vil nytte:

- Digitalt verktøy i planprosessen: Kartportal for innsyn i kunnskapsgrunnlag og endring av planforslag undervegs. «lågterskeltilbod» for å gje uttale.
- Eit eige blæst - møte etter oppstart for å gjere innbyggerane klar for å gje innspel til prosess og til arealbruk. Sentrale tema vert tilrettelegging for eit enklare kvardagsliv og korleis møte eldrebølga gjennom arealplanlegging (ref. samfunnsdelen).
- Bruk av kommunen sine kanalar i sosiale media
- Bruk av skuleoppgåver for å utfordre born og unge (t.d. bruk av «Minecraft»)
- Planforum: Medverknad og samarbeid med fylkeskommune, statsforvaltar og andre statlege og regionale aktørar vil vi nytte regionalt planforum. Sunnfjord kommune vil tinge regionalt planforum i samband med høyring av planprogram og planforslag.
- Politiske verkstadar og orientering i formannskap/kommunestyre.

Grupper vi ynskjer å involvere i medverknadsprosessen er:

- Innbyggjarane generelt
- Politikarane
- Nærmiljøråda
- Kommunale råd og utval
- Born og unge
- Statsforvaltar, fylkeskommune og andre statlege og regionale aktørar
- Frivillige lag og organisasjonar (idrettslag, kultur m.fl)
- Nærings-, kultur og samfunnsliv (Helse Førde, HVL, Sunnfjord utvikling m.fl)

¹ Siling av arealinnspele er ei systematisk vurdering av innspel basert på parameter som formannskapet har stilt seg bak. Målet er å unngå konflikhtar med nasjonale føringar og i tillegg avgrense tal innspel som skal vidare til konsekvensutgreiing i arealdelen.

4 Mål og føringar for arbeidet

4.1 Nasjonale forventningar til kommuneplanarbeidet

Kvart fjerde år legg regjeringa fram nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging. Dei nasjonale forventningane skal følgast opp i fylkeskommunane og kommunane sitt arbeid med planstrategiar og planar. I «Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023» peikar regjeringa på 4 store utfordringar:

- Å skape eit berekraftig velferdssamfunn
- Å skape eit økologisk berekraftig samfunn gjennom blant anna ein offensiv klimapolitikk og ein forsvarleg ressursforvaltning
- Å skape eit sosial berekraftig samfunn
- Å skape eit trygt samfunn for alle

Regjeringa har også sagt at FN sine 17 berekraftsmål skal vere ein del av grunnlaget for samfunns- og arealplanlegginga i kommunane.

Den nye regjeringa la i oktober 2021 fram Hurdalsplattformen. Dei nye nasjonale forventningane til regional og kommunal planlegging er forventta lagt fram i 2022 med vedtak i 2023.

Framdrifta for Sunnfjord kommune sin arealdel fordrar at vi legg dagens føringar og statlege planretningslinjer til grunn for planarbeidet.



FN sine 17 berekraftsmål er verda sin felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, kjempe mot ulikskap og stoppe klimaendringane innan 2030. Mange av måla kan ikkje nåast utan lokal innsats.

4.1.1 Statlige planretningslinjer (SPR)

SPR som grunnlag for arealdelen

- [SPR for samordna bustad-, areal og transportplanlegging](#)
- [SPR for klima- og energiplanlegging og klimatilpasning](#)
- [SPR for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen](#)
- [Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging](#)

4.2 Gjeldande kommunale planar og strategiar som er sentrale for arealdelen

4.2.1 Plan for klimaomstilling i Sunnfjord kommune

Dei 4 kommunane Førde, Gaular, Jølster og Naustdal vedtok i 2019 ein felles plan for klimaomstilling som skal leggjast til grunn for Sunnfjord kommune sin kommuneplan. Hovudmålet om å bli smartare, tryggare og grønarar inneber mellom anna klimatilpassing av busetnad og infrastruktur, og reduserte klimagassutslepp som minst tilsvarar nasjonale mål (minst 50 prosent i 2030 i høve til 1990, jamfør klimalova). Handlingsprogrammet for 2019-2022 peikar på fleire tiltak som er kopla med kommunal arealplanlegging, særleg innanfor transport og arealbruk. Mobilitetsstrategien for Sunnfjord kommune er under utarbeiding, og vil innehalde føringar for areal- og transportplanlegging gjennom kommuneplanen.

4.2.2 Overordna ROS-analyse

Kommunane Flora, Førde, Jølster, Gaular og Naustdal fekk i 2014 utarbeida ein «Helhetleg risiko- og sårbarhetsanalyse». Kommune er no i gang med ei oppdatering av den heilskaplege ROSen som skal gjelde Sunnfjord kommune og ligge til grunn for beredskapsarbeidet. Den nye heilskaplege ROSen skal ferdigstillast våren 2022 og vil gje grunnlag også for ROS-analysen knytt til kommuneplanen sin arealdel.

4.2.3 Kommuneplanen sin samfunnsdel med arealstrategi

Kommuneplanen sin samfunnsdel og arbeidet med planstrategi bygger på intensjonsavtalen, kommunen sin visjon og verdiar og FN sine berekraftsmål. I tillegg syner utviklingstrekk og forventningar at vi særleg må rette merksemda mot demografiske endringar, klimaendringar, globalisering, urbanisering, digitalisering, omsorg, inkludering, stadutvikling, næringsutvikling og sosial berekraft. Samfunnsdelen skal vedtakast i løpet av 2022.

Gjennom vedteken samfunnsdel vert arealstrategien eit overordna politisk styringsverktøy. Arealstrategien skal bidra til å sikre ei heilskapleg og langsiktig forvalting av kommunen sine areal.

- [Høyringsutkastet til kommuneplanen sin samfunnsdel ligg tilgjengeleg på nettsida til kommunen](#)

Andre kommunale planar og strategiar:

Plan for framtidig bruk av skulane i Sunnfjord kommune

Skulestrukturen i Sunnfjord vart utgreidd og handsama i 2020. Endringane vart vedteken i kommunestyret 28.01.2021. Demografisk utvikling, kvalitet i skulen og omsyn til reiseavstandar var viktige premiss for endingsforslaga.

Strategisk næringsplan for Sunnfjord, perioden 2019 -2022

Gjennom strategisk næringsplan er det peika ut overordna mål, 6 strategiske mål og 6 strategiar og tiltak for næringsutvikling i Sunnfjord.

Kulturminneplanar i Førde, Jølster, Gaular og Naustdal

Kulturminneplanane vert grunnlag for omsynssoner i arealdelen.

Kommunal plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv

Planen vert revidert kvart 4. år og handlingsprogrammet for nærmiljøanlegg og ordinære anlegg vert rullert kvart år.

Sentrumsstrategi for Førde (2018-2030)

5 Sentrale tema i arealdelen

Kommuneplanen sin samfunnsdel set mål for utviklinga og peikar ut satsingsområde for kommunen i komande valperiode. Den langsiktige arealstrategien har hovudfokus på effektiv arealdisponering, utbyggingsmønster og senterstruktur, konsekvensar av store vegprosjekt og konsentrerte næringsareal.

Hovudprioriteringane i utgreiingane som gjeld arealdisponering blir forholdet mellom vekst og vern².

Arealbruken i Sunnfjord kommune bør vere klima- og arealnøytral. Det betyr at vi må gjenbruke og fortette allereie utbygde areal framfor å bygge ned natur og dyrka mark (jordvern).

Klimaomstilling og miljøomsyn er tverrfaglege tema som påverkar all arealplanlegging. Klimatilpassing og naturfare er viktige kriterie i høve til nye og eksisterande utbyggingsområde og krav til bygg og anlegg. Berekraftig mobilitet og klimavenleg lokalisering av bustader og næring blir sentralt i høve til effektiv arealdisponering, utbyggingsmønster, senterstruktur og byutvikling.

Med bakgrunn i arealstrategien og innspel i høyringsfasen har vi peika ut satsingsområde/ hovudutfordringar som vert prioritert i utarbeiding av ein arealdel for heile Sunnfjord kommune.

5.1 Effektiv arealdisponering

Kommunen vil gjennom ei klimavenleg og forsvarleg forvaltning av areala bidra til god folkehelse, gode bu- og oppvekstvilkår og miljøvenleg transport. Arealstrategien skal bidra til ei utvikling som samsvarar med lokale, regionale og nasjonale målsettingar. Gjennom effektiv arealdisponering tenkjer vi arealøkonomi for å redusere «fotavtrykket» til utbyggingsområde og transportbehov mellom målpunkt. Arealbruken i Sunnfjord kommune bør vere klima- og arealnøytral.

Klimanøytral arealbruk i Sunnfjord kommune vil seie at den samla arealbruken i kommunen bidreg til at kommunen når måla om reduserte utslepp i tråd med klimaomstillingsplanen 2019-2030 og klimabudsjettet for kommunen.

Arealnøytral arealbruk i Sunnfjord kommune vil seie at den samla arealbruken i kommunen bidreg til å stoppe tapet av naturmangfald. Det betyr følgande:

- at vi må gjenbruke og fortette allereie utbygde areal framfor å bygge ut natur og dyrka mark (jordvern).
- kommunen nyttar årlege arealrekneskap for å halde oversikt over arealbruken.
- arealbruk som fører til tap av natur blir stoppa eller kompensert. For store veganlegg vil dette til dømes bety at natur eller dyrka mark vert erstatta eller at andre uaktuelle utbyggingsføreml (bustad- og næringsområde) vert tilbakeført til LNF i revidering av kommuneplanen sin arealdel.

² Vern vil i arealplansamanheng innebere å ta ekstra omsyn til sårbar natur, landskap, dyrka mark og tilsvarande verdiar.

5.2 Utbyggingsmønster og senterstruktur


Kommuneplanen sin arealdel vil gje nærmare fastsetting av vekstsoner³ kring region- og kommunesenter, lokalsenter og nærsenter i Sunnfjord (sjå strategisk temakart). Tanken bak å satse på senterstruktur i Sunnfjord, er å styre mot ein meir konsentrert vekst og bygge opp under dei tenestetilboda som finst i sentra i kommunen.

Arealstrategien knytt til samfunnsdelen har gitt følgande føringar:

- Samordna areal- og transportplanlegging. Ei kompakt utbygging er ønskeleg for å begrense transportbehovet, ta omsyn til jordvern, sikre kulturlandskap og friluftsområde og gje grunnlag for eit robust kollektivtilbod.
- Sentrale område bør transformerast/ fortettast før nye område vert bygd ut. Ei slik utvikling vil styrke sentrumsstrukturane og hindre ei byspreiing.
- Ny bustadbygging i kommunen bør skje innanfor vekstsonene i senterområda våre (sjå strategisk temakart i fig. 1). I løpet av ein 12 års periode skal det utarbeidast kommunale reguleringsplanar/ sentrumsplanar for å sikre tenestene i sentra våre.
- Arealdelen må ta stilling til kva område som skal utviklast til plasskrevjande handel og konsekvensar i høve eksisterande sentrum. For Førde sin del skal arealdelen sjå på ulike utbyggingsmønster og konsekvensar av alternativa.
- Legge til rette for høg arealutnytting i by- og senterområde gjennom fortetting og transformasjon. Det skal leggjast vekt på god arkitektur, byrom, kulturmiljø, trafikktryggleik, blågrøn struktur og andre miljøverdiar..
- Bygging av fritidsbustader skal skje anten som fortetting av eksisterande område for fritidsbustader eller i område som vert tilrettelagt for fritidsbruk, reiseliv og naturopplevingar.
- Nye plasskrevjande næringsområde skal lokalisrast i nærleiken av allereie etablerte næringsområde på Skei, Førde, Moskog og Sande langs E39 (Sjå strategisk temakart).

³ Vekstsone vil i arealplansamanheng vere ei definert sone som vert prioritert til utbygging.

SUNNFJORD KOMMUNE- STRATEGISK TEMAKART



Figur 1: Strategisk temakart med prinsippsskisse for senter- og transportutvikling (illustrasjon: Sunnfjord kommune)

Det strategiske temakartet viser prinsipper for korleis Sunnfjord kommune kan strekke seg mot ei effektiv arealdisponering. Det skal likevel vere høve for avvik frå kartet, spesielt når det gjeld mindre næringsareal.

5.3 Ta heile kommunen i bruk

Arealstrategien legg til rette for å ta heile kommunen i bruk gjennom bruk av LNF-spreidd bygging der omfang, lokalisering og formål er nærare spesifisert i arealdelen, samt kome fram til føresegnar i arealdelen som minkar krav til dispensasjonar.

Arealstrategien har lagt vekt på følgjande satsingsområde som gjeld Landbruk-, Natur- og Friluftsområder (LNF):

- Utbygging i strandsona og langs vassdrag bør ikkje forringe kvalitet og verdiar som råkar ålmenne interesser som til dømes ferdsel, tilgang og naturmangfald. Samstundes skal det leggjast betre til rette for kaier og sjøretta næring i Sunnfjord.
- Produksjonsareal for jord- og skogbruk, natur med viktige økosystemfunksjoner, viktige friluftsområde og kulturminneverdiar bør takast omsyn til i arealplanar og utbyggingssaker. Det bør gjennomførast eit arealrekneskap⁴ som viser konsekvensane av utbygging av dyrka mark eller naturområde.

⁴ Arealrekneskap er ei kartlegging av kor mykje utbyggingsareal vi legg opp til i våre arealplanar, samanstillt med kor mykje dyrkbar jord eller område med naturmangfald som forsvinn. Samanstillt med befolkningsprognosar kan eit arealrekneskap bidra til at kommunane gjer ein kritisk gjennomgang av sine arealreservar. Arealrekneskap er eit verktøy/kunnskapsgrunnlag for å kunne måle utviklinga over tid i høve måloppnåing i kommunen sine overordna planar og strategiar.

5.4 Bruk av masseoverskot frå store vegprosjekt

Masseoverskot frå større vegprosjekt i Sunnfjord må bukast samfunnsnyttig. Dersom massane må deponerast, skal ringverknadene for natur og miljø vere minst mogeleg negative.

6 Utgreiingsbehov i arealdelen

6.1 Evaluering av gjeldande planar

6.1.1 Utbyggingsføremål i dei tidlegare kommuneplanane

Ei føring i forslag til arealstrategi for Sunnfjord er: «Område avsett i gjeldande kommuneplanar til bygg og anlegg som ikkje er regulerte, og som ikkje er i samsvar med statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, vert teke ut av kommuneplanen».

Utgreiingsbehov og avklaringar i arealdelen:

- Korleis har planane fungert som styringsdokument og verktøy for sakshandsaming?
- Analyse av bustadbehov i ulike delar av kommunen.
- Områder avsett til bustad i dei forskjellige planane bør vurderast i høve kapasitet. Område som har vore inkludert lenge utan at det har vore vidare planlegging bør takast ut.

6.1.2 Kommunedelplanar i Sunnfjord

Det er behov for ein gjennomgang for å avklare kva kommunedelplanar som skal vidareførast, om det er planar som bør opphevast som eigne kommunedelplanar ved at arealbruken og føresegnene vert innarbeidd i kommuneplanen sin arealdel på eit overordna nivå, eller om det er kommunedelplanar som ikkje lenger er relevante og derfor bør gå ut. Det kan også vere aktuelt å vurdere om det er behov for å endre delar av arealbruken eller føresegnene i eldre kommunedelplanar.

Kommunedelplan (KDP)	Vedtatt
KDP Naustdal sentrum 2011-2023	2011
KDP for Vona	2001
KDP Vevring 2016-2028	2016
KDP Viksdalen	2001
KDP Sande 2008-2020	2009
KDP Bygstad	2001
KDP for Gaular, Førde og Balestrand	1996
• Differensiert forvaltning av Gaularvassdraget	
KDP Trafikk Førde sentrum	2013
KDP for planmessig sentrumsutvikling Førde	2005

Kommunedelplan (KDP)	Vedtatt
KDP E39 Langeland – Moskog med KU	2013
KDP Langeland-Bringeland	2001
KDP Forretning – Industri (Gaular)	2012

KDP= Kommunedelplan

Det er ingen kjende kommunedelplanar for tidlegare Jølster kommune.

6.1.3 Eldre reguleringsplanar

Alle reguleringsplanar eldre enn 10 år må vurderast på nytt, også med tanke på naturfare og klimatilpassing. Det bør etablerast rammer/føringar som gjeld for eksisterande bustadfelt i tettstadane. Dette gjeld for eldre reguleringsplanar og område utan gjeldande reguleringsplanar.

6.1.4 Normer som er knytt opp som vedlegg til arealdelen

«Normer for uteopphaldsareal og parkering» er verktøy for å sikre gode areal og løysingar i dei ulike byggeprosjekta i kommunen. Dei legg føring og premissar til kva krav for uteareal og parkering det skal vere for nye tiltak. Gjeldande normer i dag må bli revidert og tilpassa ein bruk i heile Sunnfjord kommune, med naudsynt geografisk inndeling. Krav til løysingar må vere konkrete og skildra på ein slik måte at dei kan inngå tidleg i planlegginga.

I tillegg må vi ha «Norm for veg, vatn og avløp» og «Norm for skilt og reklame».

6.2 Parallelle planprosessar

Det vil pågå parallelle prosessar med områderegulering og sentrumsplanar som tek tak i problemstillingar kring by- og tettstadutvikling. Kommuneplanen sin arealdel vil dra vekslar på dei andre prosessane. Planstrategien for Sunnfjord vart vedteken 25.03.2021 og har signalisert kva arealplanar som skal startast opp i kommunestyreperioden (innan 2023).

I arealdelen vil vi avklare korleis arealbruken vert forvalta i påvente av vedtak i områdereguleringsplanane og sentrumsplanane. Om dette kan løysast gjennom omsynssone eller føresegnsområde.

6.3 Vekstsoner

Vekstsone vil i arealplansamanheng vere ei definert sone som vert prioritert til utbygging for næring, offentlig og privat tenesteyting og bustad m.m.

Det er ein sentral målsetting i samfunnsdelen at hovudtyngda av bustadbygginga skal skje i Førde, Naustdal, Sande, Vassenden og Skei, samt i dei definerte nærsentra Bygstad, Vevring og Viksdalen. Bustadutviklinga skal skje i nærleiken til skule, barnehage, arbeidsplass, fritids- og servicetilbod. Planen skal også leggje til rette for spreidd busetnad og mindre bustadfelt i heile kommunen. Det er knytt ei rekke kvalitetskrav i samfunnsdelen til korleis ein skal skape gode bumiljø.

Sunnfjord kommune skal sikre gode bumiljø for innbyggjarar i alle livsfasar og stimulere til auka differensiering i bustadmarknaden i ulike delar av kommunen. Framtidige omsorgsbustader og meir tilpassa buformer skal prioriterast.

Nedanfor er det lista opp utgreiingsbehov knytt til vekstsoner for å klargjere effektiv arealforvaltning, utbyggingsmønster og senterstruktur, gode bumiljø, samt byutviklingsretning for Førde.

Utgreiingsbehov og avklaringar i arealdelen:

- Utarbeiding av eit arealrekneskap vil vere eit nyttig kunnskapsgrunnlag for å nå ei effektiv og berekraftig arealforvaltning over tid.
- Definere vekstsoner for kommunesenter, lokal- og nærsenter (jf. strategisk temakart).
- Avklare behov, føringar og kvalitetskrav knytt til ulike utbyggingsføremål (bustader, offentleg og privat tenesteyting, næring og forretning m.m.).
- Kommunen bør ha strategi for å utvikle infrastruktur med tanke på fortetting og utviding av eksisterande bustadfelt kring sentra våre. Det kan vere knytt til beredskap – problemstillingar kring overvatn, sløkkjevath, vassforsyning og vegsystem, straum, fiber m.m.
- Kartlegge kollektivruter i Sunnfjord
- Kartlegge eksisterande næringsområde med omsyn til kor eigna områda er for ulike typar næringsverksemd (kraftforsyning, mobilitet og tilgjenge).
- Avklare handelsomgrepet ved utvikling av næringsområde.
- Arealdelen må ta stilling til kva område som skal utviklast til plasskrevande handel og kva konsekvensar nye næringsparkar vil få for eksisterande sentrum.
- Vurdere ulike utviklingsalternativ for Førde sentrum og Brulandsvellene (Kompakt by – Regionsenter). Kva er dei overordna konsekvensane av ulike lokaliseringar av plasskrevande næring.
- Visualisere og vurdere framtidig utnytting i vekstområda, inkludert variasjon og mangfald i arkitektur og buformer.
- Korleis ta i vare og utvikle «ferdselskorridorar» for mjuke trafikantar frå (alle) bustadområde til utmark og område med fritidstilbod (idrettsanlegg, kulturtilbod osv.)
- Gå igjennom føresegnene som styrer bygging og fortetting i bustadfelt.

6.4 Ta heile kommunen i bruk

Store delar av kommunen sitt areal er Landbruk-, natur- og friluftsområde (LNF). Kap.5.3 gir ei oversikt over føringane i arealstrategien som gjeld LNF.

Hovudprioriteringane i utgreiingane som gjeld arealdisponering blir forholdet mellom bruk og vern.

Utgreiingsbehov og avklaringar i arealdelen:

- Vurdere område for gardstilknytt næringsverksemd og spreidd næring.
- Kartlegge og verdsette jordbruksområde (kjerneområde landbruk).
- Korleis treffe på gode føresegner knytt til tiltak innanfor LNF –bygge- og delingssaker, samt almen tilrettelegging for friluftsliv.
- Det skal vurderast å sette av areal for spreidd bustadbygging i LNF-område. Plassering av spreidd busetnad skal vurderast opp mot nærleik til skule, barnehage, fritids- og servicetilbod, samt infrastruktur.
- Utfordringa er å treffe på lokalisering av område for spreidd bustadbygging, for å redusere tal dispensasjonar i LNF.

- Naturmangfald, karbonrike areal og vassmiljø blir viktige tema i høve til utbygging i LNF-område.
- Strandsoneanalyse for å fastsette byggegrense langs sjø og vassdrag
- Lokalisering av kaier og næringsareal langs sjø treng ei vurdering av samanheng mot overordna infrastruktur (vegar og kraftforsyning).

6.5 Masseoverskot frå store vegprosjekt - utgreiingsbehov

Masseoverskot frå større vegprosjekt i Sunnfjord må brukast samfunnsnyttig. Dersom massane må deponerast, skal ringverknadene for natur og miljø vere minst mogeleg negative.

Utgreiingsbehov i arealdelen:

Avklare arealbehov ved masseoverskot parallelt med pågåande planprosess for ny E39 Storehaug - Førde, samt planar for tunnel Erdal – Naustdal.

6.6 Klima- og arealnøytralitet – utgreiingsbehov

Arealstrategien si føring om at arealbruken i Sunnfjord kommune bør vere klima- og arealnøytral, kan følgast opp med følgjande utgreiingar.

Utgreiingsbehov i arealdelen:

- Vurdere mål om arealnøytralitet og krav til utarbeiding av arealrekneskap.
- Vurdere korleis arealdelen sine føreseigner kan bidra til reduserte klimagassutslepp og auke skifte til fornybar energi i bygg og anlegg.
- Vurdere korleis arealdelen sine føreseigner kan bidra til betre klimatilpassing av bygg og anlegg.
- Vurdere krav om klimagassberegning og arealbruk i plan- og utbyggingssaker.
- Oppdatere kart- og kunnskapsgrunnlaget for flaum, skred, ras, overvatn, havnivåstigning og stormflo (Innhente viktig informasjon frå NVE sine vegleiarar)
- Sikre vassvegar som følgje av klimaendringar og store vassmengder. Kvar bør det leggst til rette for blågrønne strukturar i tettbygde strøk? Vatn treng plass.

7 Konsekvensutgreiing – Sårbaranalyse - Utgreiingar

7.1 Konsekvensutgreiing (KU) – metode

Framlegg til ny arealbruk og endring av gjeldande arealbruk skal vurderast med tanke på verknader for miljø og samfunn i samsvar med pbl § 4-2 og «Forskrift om konsekvensutredninger» av 2017. Med framlegg vert rekna eksterne framlegg til arealbruk som vert teke med etter grovsiling, samt kommunen sine eigne framlegg til ny arealbruk.

Bandlegging etter pbl § 13-1 og endring av planføresegner kan og medføra utgreiingsplikt.

I kommuneplanen er det tale om ei overordna vurdering av konsekvensar for miljø, naturressursar og samfunn, basert på eksisterande kunnskap. Konsekvensvurderinga skal avgrensast til det som er viktig for å ta stilling til den aktuelle planen/endringa. Verknadene av arealstrategiar og dei samla verknadene av arealendringane i planen skal utgreiast.

Konsekvensutgreiinga vil ta utgangspunkt i tema som er definerte § 21 i forskrift om konsekvensutredninger. Vi tek utgangspunkt i rettleiaren frå Miljødirektoratet M-1941.

<https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsomrader/overvaking-arealplanlegging/arealplanlegging/konsekvensutredninger/>

Areala skal vurderast ut i frå **verdi, omfang og konsekvens** basert på eksisterande kunnskap. Det er likevel behov for supplerings av kunnskap innanfor enkelte tema, og kommunen ser føre seg følgjande utgreiingsprogram:

Tema	Kjelde/vurdering	Eventuelle Utgreiingsbehov
Forureining	• Miljødata • Støysoner i gjeldande arealdelar med tilhøyrande støyrapportar • Hovudplan for vatn og avløp	Føringar for spreidd avlaup
Landbruk og jordressursar	• Jordvern	Kjerneområde landbruk Arealrekneskap
Kulturminner og kulturmiljø, automatisk freda kulturminner	• Sefrak og Askeladden. • Kulturminneplanar for Førde, Sande, Naustdal og Jølster • Omsynssoner for Kulturmiljø i Førde kommune sin arealdel	
Landskap	• Landskapsanalyser og KU knytt til større vegprosjekt	Fjernverknad og bruk av overskotsmasse
Naturmangfald og naturmiljø	• Artsdatabanken • INON • NIBIO • Naturbase • Økologisk grunnkart • Regional vassforvaltningsplan 2022-2027 for Vestland vassregion	-Arealrekneskap -Oversikt over naturmangfald og karbonrike areal.
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	• Kartlegging og verdisetting av friluftsområder i Sunnfjord.	
Klimatilpassing	• Interkommunal plan for klimaomstilling (2019). • Klilmatilpassing.no • Klimaprofil for Sogn og fjordane (April 2016) • Nedbørsfelt – sikre vassveggar som følgje av klimaendringar og store vassmengder. • NVE sine vegleiarar • Klimarevisjon av nokre reguleringsplanar (2022)	Synleggjere mogeleg konsekvens av endra planstatus. Jf. kap. 5.1 Oppdatere kart- og kunnskapsgrunnlag.
Strandsone	• GIS	Strandsoneanalyse

		Funksjonell strandsone/ Byggegrense mot sjø og vassdrag
Sosial infrastruktur	• Skulebruksplan • Barnehageplan • Prognosar for utvikling av folketal i tettstadane • Barn og unge sine oppvekstvilkår	Gjennom KOMPAS hente ut SSB-statistikk på forventa folketalsutvikling fram mot 2040, på grunnkrinsnivå.
Infrastruktur og mobilitet	• Mobilitetsanalyse • Redusere transportbehovet i kvardagen	Klimavenleg lokalisering med tanke på transportbehov og transporttilbod
Arealstrategi og tettstadutvikling	• Tettstadanalyse Sande, Bygstad, Naustdal, Skei, Vassenden (Pwc/SU mars 2018) • Sentrumsstrategi Førde • Mobilitetsanalyse for Sunnfjord (2021) • Kommuneplanar og kommunedelplanar • Førdepakken sine planar og analysar.	-Sentrumsavgrensing kring tettstadane. -For Førde sin del skal arealdelen sjå på ulike utbyggingsmønster og konsekvensar av alternativa.
Massehandtering	• Reguleringsplan ny E39 Storehaug – Førde med tilhøyrande KU knytt til plassering av overskotsmasse. • KDP Rv 5 Erdal – Naustdal med tilhøyrande KU.	Definere resultatmål og overordna omsyn til dyrka mark, våtmarksområde/ myr og verdifulle landskapsrom.

Lista ovanfor er ikkje uttømmende, men ein indikator på kva nivå kommunen ser føre seg av utgreiingar. Kommunen er ansvarleg for at planframlegget er tilfredsstillande utgreidd.

7.2 Risiko- og sårbaranalyse (ROS)

Kommunen har eit generelt og grunnleggjande ansvar for å ta i vare innbyggjarane sin tryggleik innanfor kommunen sitt geografiske område. Nokre av desse omsyna inngår i kommunen sine beredskapsplanar, medan andre omsyn også må vurderast vidare i kommuneplanarbeidet. For arealdelen kan dette gjelde faresoner i høve naturfare og eventuelt behov for beredskapsvegar ved krisesituasjonar. Konsekvensar av forventa havnivåstigning og stormflo må kommunen handtere gjennom aktiv arealplanlegging.

ROS-analyse skal utarbeidast i samsvar med vedtekne akseptkriterium og metode etter Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB). ROS-analysen skal vise risiko og sårbarheit som har verknad for spørsmålet om arealet er egna til utbygging, og eventuelle endringar i slike forhold som følgje av planlagt utbygging. Innspel om utbygging i område med høg/stort sannsyn for risiko skal ikkje takast inn i KPA.